
Fra: Arne Eikefet
Sendt: 6. november 2015 11:51
Til: Anne Lise Molvik
Emne: Gbnr 237/13 Totland, utsleppsløyvesak, - kommentar frå Teknisk drift

Vedr klage på utsleppsløyve, gbnr 237/13 Totland

Viser til førespurnad om uttale/kommentar frå Teknisk drift i Lindås kommune.
Teknisk drift har fagansvar innanfor kommunal avløpssektor og var sentral aktør då dagens slamtømmeforskrift for private eigedomar vart utarbeidd.

Då gjeldande kommunale forskrifta for slamtømming vart politisk godkjent og etablert i 2004 var det eit bærande element å få flest mogeleg eigedomar med i den kommunale tømmeordninga. Ei utfordring var då at det allereie var etablert kommunal tømmeordning for ein del eigedomar som ikkje kunne betenast med konvensjonelt tømmeutstyr.

Her måtte det nyttast traktor med tanktilhengar og normalt mellomfylling til konvensjonell tømmebil ved ordinær kjøreveg. Dette medførte sjølvstekt langt høgare og sprikande, reelle tømme kostnader for slike eigedomar.

I forskrifta frå 2004 vart det etablert eit spesielt unnatak/aksept for slike eksisterande eigedomar, men også ein føresetnad om at slike ordningar ikkje måtte tillata nytta for nye tilfelle. Grunngevinga var at denne spesialordninga ville medføre ein uoversiktleg, lite kontrollerbar og ofte urettferdig kostnadsfordeling av ekstrakostnader ved slike høve, enten kostnadstillegget vart tillagt eit kommunalt gebyr eller direktebetalt av kunde.

I tillegg ville det å handsame slike varierende særtilhøve lett bli komplisert i framtidige interkommunale anbudsprosessar.

Gjeldande forskrift legg difor opp til at for nye utsleppsaker må det enten etablerast tilfredstillande vegtilkomst fram til eit definert punkt nært den aktuelle slamavskiljaren eller så må det veljast alternative løysingar for toalett.

Avvik frå dette regelverket vil sannsynligvis føre til eit frislepp av vanskelig tilgjengelig vassklosettanlegg i Lindås. Om dette er politisk ønskelig, så bør det gjerast i form av ein normal revisjonsprosess, inklusiv konsekvensvurdering, av gjeldande forskrift for slamtømming.

Bruk av unntaksregelen i einskildsaker i dagens forskrift vil undergrave ei slik politisk styring innan denne delen av forureiningssektoren.

Mvh

Arne Eikefet

Einingsleiar for teknisk drift, Lindås kommune

56 37 56 75 / 975 26 136

are@lindas.kommune.no